



HJELMELAND  
KOMMUNE

# PLAN FOR OVERGANG MELLOM BARNEHAGE OG SKULE/SFO



Ferdigstilt 15. september 2019

Revidert april -20 (kap. 2.1, pkt. 6 bhg og pkt.7+ vedlegg)

Revidert aug-21 (kap. 1.1 lovgrunnlag, kap. 2.1 rutine e-signering og kap. 4 endra lovparagrafar bhg)


Revidert 08.11.21 (kap. 2.1, pkt. 3 oversikt, pkt. 4 hospitering og pkt. 5 skjema «barnet si stemme»)

Revidert 24.03.23

Revidert 10.06.24

Revidert juni 2025

Revidert juli 2026



# INNHALD

|                                                                                              |           |
|----------------------------------------------------------------------------------------------|-----------|
| <b>1. Innleiing</b>                                                                          | <b>3</b>  |
| 1.1. Sentrale føringar og forankring                                                         | 4         |
| 1.2. Formål                                                                                  | 5         |
| 1.3. Målgruppe                                                                               | 5         |
| <b>2. Årshjul for kjerneaktivitetane i overgangen</b>                                        | <b>6</b>  |
| 2.1. Utdyping av kjerneaktivitetane i årshjulet                                              | 7         |
| 1. Skuleførebuande tiltak for dei eldste barna i barnehagen                                  | 7         |
| 2. Foreldremøter                                                                             | 7         |
| 3. Oversikt over skulestartarar, skuleinnmelding og velkomst-/ informasjonsbrev              | 8         |
| 4. Hospitering mellom barnehagen og skulen                                                   | 9         |
| 5. Barnesamtalar/ elevsamtalar                                                               | 9         |
| 6. Foreldresamtalar                                                                          | 10        |
| 7. Overføringsmøter mellom barnehagen og skulen/SFO                                          | 11        |
| 8. Innskrivingsdag og førskuledagar                                                          | 11        |
| 9. Felles kommunalt nettverksmøte mellom barnehage og skule/SFO                              | 12        |
| <b>3. Fleispråklege barn – Barn med norsk som andrespråk</b>                                 | <b>13</b> |
| <b>4. Barn med enkeltvedtak om spes.ped. hjelp e. bhg.lova §31 eller tilrettelegging §37</b> | <b>14</b> |
| Vedlegg 1, «Barnet si stemme»                                                                | 16        |
| Vedlegg 2, «Overgangssamtale»                                                                | 17        |

# 1. INNLEIING


Fyrste skuledag er ein merkedag som barn og foreldre/føresette ser fram til med store forventningar. Barna skal oppleve at det er samanheng og utvikling frå barnehagen til skulen og skulefritidsordninga (SFO). Både barnehage og skule har ansvar for omsorg, danning, lek og læring. Barna vil møte både kjent og ukjent når dei byrjar på skulen og SFO. Skulen og SFO må byggje vidare på kunnskapar og erfaringar frå barnehagen. Tilsette skal i fellesskap leggje til rette for at barnet møter skulen og SFO med tryggleik og tru på eigne føresetnader.

God overgang har stor betydning for barn si tryggleik og vidare læringsutbyte. Ved å ha god samanheng mellom barnehage og skule kan ein i større grad leggje til rette for eit heilskapleg opplæringslaup som tek i vare behovet til det enkelte barn. Det handlar om at utviklings- og læringspotensiale hjå barn vert ivareteke, støtta og utvikla på eit tidleg tidspunkt. Det handlar og om at barna får moglegheit til å oppleve kontinuitet, ved at dei kan byggje vidare på kunnskap og erfaringar frå barnehage til skule og SFO.

Barn og foreldre skal føle seg trygge på at både barnehage og skule/SFO gjer sitt beste for å *skape kontinuitet og samanheng*. Barnehagen, skulen og SFO har, i lag med foreldre/føresette, eit felles ansvar for at barnet møter skulen med entusiasme og lærelyst. Barna si medverknad og deltaking i dette arbeidet er særleg viktig.

For å oppnå ein meningsfull samanheng mellom barnehage og skule/SFO er det behov for at verksemdene har god kunnskap om kvarandre. For å kunne ta omsyn til og førebu barna på deira framtid, må barnehagen ha kunnskap om kva barna faktisk vil møte i skulen. For å kunne ta omsyn til barna si fortid, må skulen ha kunnskap om barna sine tidlegare erfaringar frå barnehagen (Brostrøm, 2009, referert i Tidsskrift for nordisk barnehageforskning, 2014, s. 20). Skulen skal sikre kontinuitet i barna sine læringsprosessar ved å ta omsyn til det barna har lært i barnehagen og barnet sine erfaringar. Det er difor naudsynt å byggje bru mellom barnehage og skule for å sikre læring og meistring hjå barna.

For at barnet skal få ein god overgang er varme og trygge relasjonar av stor betydning. Barnet treng autoritative vaksne rundt seg, som gir varme, tryggleik og gode, føreseielege rammer.



## 1.1. SENTRALE FØRINGAR OG FORANKRING

Barnehagen og skulen skal sørge for å leggje til rette for samarbeid kring barn si overgang frå barnehage til skule og SFO, slik at barna får ein trygg og god overgang.

➤ **Barnehagelova § 2a, *Plikt til å samarbeide med skolen om overgangen fra barnehage til skole:***

«Barnehagen skal samarbeide med skolen om barnas overgang fra barnehage til skole og skolefritidsordning, jf. opplæringslova § 4-7 og friskolelova § 5-5. Samarbeidet skal bidra til at barna får en trygg og god overgang. Barnehagen må ha tillatelse fra barnets foreldre for å utlevere personopplysninger om barnet til skolen.»

➤ **Opplæringslova § 4-7, *Overgangen fra barnehagen til skolen:***

«Kommunen skal sørge for at barna får en trygg og god overgang fra barnehagen til skolen og skolefritidsordning.»

➤ **Rammeplan for barnehagen (2017):** ([Overgangen mellom barnehage og skole | udir.no](#))

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skolen legge til rette for at barna kan få en trygg og god overgang fra barnehage til skole, og eventuelt til skolefritidsordning. Barnehagen og skolen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbudet til de eldste barna i barnehagen, deres overgang til og oppstart i skolen. Barnehagen må ha samtykke fra foreldrene for å dele opplysninger om enkeltbarn med skolen.

De eldste barna skal få mulighet til å glede seg til å begynne på skolen og oppleve at det er en sammenheng mellom barnehagen og skolen. (...). Barna skal få bli kjent med hva som skjer i skolen og skolefritidsordningen.» (Kunnskapsdepartementet 2017, s. 33-34).

➤ **Rammeplan for SFO (2021):** ([5.2. Overgang fra barnehage til skole og SFO | udir.no](#))

«SFO skal bidra til å skape en god og trygg overgang fra barnehage til skole og SFO sammen med skolen og barnehagen. Det er en fordel om barna får mulighet til å bli kjent med det fysiske miljøet og personalet i SFO før skolestart. (...).»

➤ **Overordna del i læreplanen:**

I overordna del i læreplanverket, under «profesjonsfellesskap og skuleutvikling», vert det peika på verdien av eit godt samarbeid i overgangane: «*Godt og systematisk samarbeid mellom barnehage og skole, de ulike nivåene i opplæringsløpet, og mellom skole og hjem bidrar til å lette overgangen mellom trinnene.*» ([Profesjonsfellesskap og skuleutvikling | udir.no](#)).

Rammeplan for barnehagen, SFO og overordna del i læreplanen viser at både barnehage, skule og SFO har eit ansvar for å leggja til rette for eit samarbeid. Eit samarbeid til **det beste for barnet!**

➤ Rettleiar utarbeidd av Kunnskapsdepartementet, «**Frå eldst til yngst. Samarbeid og samanheng mellom barnehage og skule**» (2008), har som formål å styrkje samanheng mellom barnehage og skule og skape ein god overgang for barn når dei byrjar på skulen. Den tilrår at:

- Barnehagetida blir avslutta på ein god måte, og skulen og SFO er førebudde på å ta imot barnet.
- Barnet blir kjent med skulen i god tid før fyrste skuledag.
- Det er samanheng og progresjon i læringsinnhaldet i barnehage og skule.
- Foreldre godkjenner informasjonsoverføring frå barnehage til skule og har moglegheiter for aktiv medverknad i denne.
- Lærarar i barnehage og skule har felles møteplassar for forventningsavklaringar, kompetanseutvikling og felles planlegging.
- Kommunen initierer, planlegg, kontrollerer og følgjer opp samarbeidstiltak gjennom overordna planar.
- Barnehage- og skuleeigar har det overordna ansvaret for å leggje til rette for samarbeid.

«*Frå eldst til yngst. Samarbeid og samanheng mellom barnehage og skule*», Kunnskapsdepartementet 2008, s. 9.

## 1.2. FORMÅL

Formålet med *Plan for overgang mellom barnehage og skule/SFO* er å sikre:

- at alle barn i Hjelmeland kommune får ein likeverdig, trygg og meningsfull overgang frå barnehage til skule og SFO. Barn og føresette skal oppleve ein god overgang, og barnet skal kjenne seg trygg og oppleve meistring.
- at barn og føresette opplever at barnehagen og skulen/SFO samarbeider for å skape samanheng og kontinuitet i læringsinnhaldet.
- gode rutinar for samarbeid mellom barnehagane og skulane/SFO i kommunen.

## 1.3. MÅLGRUPPE

*Plan for overgang mellom barnehage og skule/SFO* er overordna og forpliktande for alle barnehagar, skular og skulefritidsordningar (SFO) i Hjelmeland kommune.

Planen er eit arbeidsreiskap for både barnehage, skule og SFO. Planen forpliktar spesielt tilsette som arbeidar med dei eldste barna i barnehagen og dei yngste elevane i skulen. SFO er ein del av skuletilbodet, og skulane må involvere SFO i samarbeidet med barnehagane når det er relevant. Det er eit leiaransvar å sikra gjennomføring av rutiane på ein god måte.

Sentralt i planen er årshjulet som skildrar kjerneaktivitetane i overgangen mellom barnehage, skule og SFO. Kjerneaktivitetane er handlingar/tiltak som i særleg grad bidrar til førebuing til god skulestart og eit godt fyrste skuleår. Årshjulet gir klare retningslinjer for innhaldet i samarbeidet og angir tidspunkt for møteplassar mellom barnehage, skule og SFO.

Barnehagestyrarane og rektorane har ansvar for at dei ulike tiltaka i årshjulet dannar utgangspunkt for ein konstruktiv dialog og eit godt samarbeid mellom barnehagane, skulane og SFO.



## 2. ÅRSHJUL FOR KJERNEAKTIVITETANE I OVERGANGEN

| NÅR                  | KJERNEAKTIVITETAR                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            | Utdyping <sup>1</sup> | ANSVAR                                          |
|----------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------|-------------------------------------------------|
| August/<br>september | <ul style="list-style-type: none"> <li>Foreldremøte 1. trinn</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      | 2                     | Rektor<br>Kontaktlærer                          |
|                      | <ul style="list-style-type: none"> <li>Elevsamtale</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                | 5                     | Kontaktlærer                                    |
| September            | <ul style="list-style-type: none"> <li>«Bli-kjent-fest» for elevar og foreldre/føresette</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                                                                                                          | 2                     | Rektor<br>Kontaktlærer                          |
|                      | <ul style="list-style-type: none"> <li>Utviklingssamtale med elev og foreldre/føresette</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                                                                                                           | 6                     | Kontaktlærer                                    |
|                      | <ul style="list-style-type: none"> <li>Foreldremøte i barnehagen</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  | 2                     | Styrar<br>Ped.leiarane                          |
|                      | <ul style="list-style-type: none"> <li>Skuleførebuande tiltak (førskuleopplegg) for dei eldste barna i barnehagen (planlegging og oppstart av gruppa)</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                                             | 1                     | Styrar<br>Barnehagelærer som har førskulegruppa |
|                      | <ul style="list-style-type: none"> <li>Oversikt over skulestartarar neste skuleår</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 | 3                     | Styrar<br>Oppvekstkontoret                      |
| September - juni     | <ul style="list-style-type: none"> <li>Førskulegruppa på besøk på skulen og SFO (del av skuleførebuande tiltak): bør nokså tidleg i samarbeid med skulen avklare datoar for besøk</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                 | 1                     | Barnehagelærer som har førskulegruppa           |
| September - desember | <ul style="list-style-type: none"> <li>Barnehagelærer besøke nærskulen/ 1. trinn (bør nokså tidleg i samarbeid med skulen avklare dato)</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                                                           | 4                     | Styrar<br>Barnehagelærer                        |
| Desember             | <ul style="list-style-type: none"> <li>Registrere nye 1. klassingar i IST<br/>Brukarrettleiing IST: InfoCaption - Context Help (registrere utan modulen Skolevalg)</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                                | 3                     | Systemadministrator i IST                       |
| Januar               | <ul style="list-style-type: none"> <li>Velkomst- og informasjonsbrev frå skulen til nye 1. klassingar sine føresette: <ul style="list-style-type: none"> <li>«Velkommen som elev v/ xxx skule»</li> <li>Invitasjon til «innskrivingsdag»</li> <li>Lenkje til heftet «Snart skulestart»</li> <li>Orientering om søknadsfrist til SFO</li> <li>Evt. anna aktuell informasjon frå skulen</li> </ul> </li> </ul> | 3                     | Rektor                                          |
| Januar - juni        | <ul style="list-style-type: none"> <li>Fadderopplegg (del av skuleførebuande tiltak)</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                                                                                                              | 1                     | Kontaktlærarar (til «fadderklassa»)             |
| Februar              | <ul style="list-style-type: none"> <li>Innskrivingsdag – Info om skulen og SFO</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    | 8                     | Rektor                                          |
| Februar - mars       | <ul style="list-style-type: none"> <li>Barnesamtale med skulestartarar<br/>Nytta skjemaet "barnet si stemme"</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                                                                                      | 5                     | Barnehagelærer                                  |
| April                | <ul style="list-style-type: none"> <li>Overgangssamtale med foreldre/føresette til kvar skulestartar. Nytta skjemaet "mal på overgangssamtale"</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                                                    | 6                     | Styrar<br>Ped.leiar                             |
| Mars - juni          | <ul style="list-style-type: none"> <li>Lærar besøke barnehagen</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    | 4                     | Rektor<br>Kontaktlærer 1. trinn                 |
| Mai - juni           | <ul style="list-style-type: none"> <li>Overføringsmøter (mellom barnehagen og skulen/SFO + sosialrådgjevar)</li> <li>Innan 15.06: Oversending av informasjon frå barnehagen til skulen. (Skjema og evt. aktuelle kartleggingar sendast over til elevmappe i arkiv)</li> </ul>                                                                                                                                | 7                     | Styrar/ Rektor<br><br>Styrar                    |
|                      | <ul style="list-style-type: none"> <li>«Bli-kjent-dag»/ Førskuledagar</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             | 8                     | Rektor                                          |
|                      | <ul style="list-style-type: none"> <li>Felles kommunalt nettverksmøte m/ barnehage og skule/SFO (deling og evaluering)</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                                                                            | 9                     | Oppvekstkontoret                                |

<sup>1</sup> Talet i kolonna *utdyping* viser til nummerering i kap. 2.1. *Utdyping av kjerneaktivitetane i årshjulet*, kor det står meir omkring aktiviteten.

## 2.1. UTDYPING AV KJERNEAKTIVITETANE I ÅRSHJULET

### 1. Skuleførebuande tiltak (førskuleopplegg) for dei eldste barna i barnehagen

I følgje rammeplanen (2007) skal dei eldste barna i barnehagen få høve til å gle seg til å byrja på skulen, og oppleve at det er samheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal leggje til rette for at barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å byrja på skulen. Barnehagen skal gjere barna førebudde på overgangen til skulen, slik at denne vert til barnet sitt beste.

- **Gjennomgang av plan og utarbeiding av skuleførebuande tiltak:**

|           |                                                  |
|-----------|--------------------------------------------------|
| Tidspunkt | September                                        |
| Ansvar    | Styrar                                           |
| Målgruppe | Alle barn som skal byrja på skulen neste skuleår |

Gjennomgang av «plan for overgang bhg-skule/SFO» med personalet som skal jobbe med førskulegruppa. Etablere/utarbeide skuleførebuande tiltak/opplegg i samband med overgangen, i tråd med nasjonale og lokale føringar og i samarbeid barnehage-skule/SFO.

Utarbeide lokal plan for overgangen med aktuelle datoar, i samarbeid med nærskulen og i tråd med den kommunale planen for overgang barnehage-skule/SFO. Oppstart av førskulegruppa i henhald til dei utarbeida planane.

- **Treffpunkt mellom førskulegruppa og skulen/SFO og fadrane:**

Barna skal få verte kjent med kva som skjer på skulen og SFO.

|           |                                                                                   |
|-----------|-----------------------------------------------------------------------------------|
| Tidspunkt | Når det passar gjennom bhg- og skuleåret (fortrinnsvis siste halvår: januar-juni) |
| Ansvar    | Barnehagelærar som har ansvar for førskulegruppa. Skulen kan og invitere.         |
| Målgruppe | Alle barn som skal byrja på skulen neste skuleår                                  |

Avtale med skulen besøk for førskulegruppa på skulen og SFO. Bør nokså tidleg avklare datoane. Minimum 4 besøk i løpet av året, t.d. fellessamling, leik i skulegarden, vere med på SFO. Barna skal verte kjende med skulen som dei skal gå på, inkl. uteområda og SFO.

Skulen har ansvar for å **involvere SFO** i planlegging og gjennomføring av overgangsarbeidet. Skulen har ansvar for å planleggje og gjennomføre **fadderopplegg**, i dialog med barnehagen.

### 2. Foreldremøter

#### Barnehagen:

- Informere om førskuleopplegget i eigen «bolk» på foreldremøtet med alle foreldre/føresette, eller i eit eige møte med foreldre/føresette til denne gruppa. Representant frå skulen kan gjerne delta på møtet.

|           |                       |
|-----------|-----------------------|
| Tidspunkt | September             |
| Ansvar    | Styrar og ped.leiarar |
| Målgruppe | Foreldre/ føresette   |

**Skulen:**

- **Foreldremøte for 1. trinn** (m.a. gjennomgang av planar, forventningar osv.)

|           |                        |
|-----------|------------------------|
| Tidspunkt | August/ september      |
| Ansvar    | Rektor og kontaktlærer |
| Målgruppe | Foreldre/føresette     |

- **«Bli-kjent-fest» for elever og foreldre/føresette,**  
(jf. «Intern oversikt over førebyggjande arbeid 0-18 år»).

|           |                                                            |
|-----------|------------------------------------------------------------|
| Tidspunkt | September                                                  |
| Ansvar    | Rektor og kontaktlærer, i samarbeid med foreldrekontaktane |
| Målgruppe | Elevar og foreldre/føresette på 1. trinn                   |

Elevane deltek i planlegginga av «bli-kjent-festen».

### 3. Oversikt over skulestartarar, skuleinnmelding og velkomst-/ informasjonsbrev

**Oversikt over skulestartarar:**

|           |                            |
|-----------|----------------------------|
| Tidspunkt | September                  |
| Ansvar    | Styrar og oppvekstkontoret |
| Målgruppe | Rektor                     |

Styrar tek kontakt med rektor på nærskulen for å informere om barnegruppa med skulestart neste skuleår. Oppvekstkontoret sjekkar med helsestasjonen, og sender oversikt til den aktuelle skulen over skulestartarar som evt. ikkje går i barnehagen.

**Skuleinnmelding/ registrering av nye 1. klassingar:**

|           |                                     |
|-----------|-------------------------------------|
| Tidspunkt | Desember                            |
| Ansvar    | Systemadministrator for skule i IST |
| Målgruppe | Skulen                              |

Systemadministrator for skule i IST føretekk registrering av nye 1. klassingar i IST for alle skulane. Brukarrettleiing IST: [InfoCaption - Context Help](#) (Registrering utan modulen IST Skolevalg).

**Velkomst- og informasjonsbrev frå skulen:**

|           |                    |
|-----------|--------------------|
| Tidspunkt | Januar             |
| Ansvar    | Rektor             |
| Målgruppe | Foreldre/føresette |

Rektor sender ut velkomst- og informasjonsbrev frå skulen til nye 1. klassingar sine føresette (brevmal i arkivsystem). Brevet sendast frå arkivsystemet i eleven sin mappe, som må bli oppretta i forkant. Innhald i brevet:

- «Velkommen som elev v/ xxx skule»
- Informasjon om skulen
- Invitasjon til «innskrivingsdag»
- Informere om heftet «Snart skulestart», [lenkje til heimesida](https://www.hjelmeland.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/skule/overgang-barnehage-skule/) (<https://www.hjelmeland.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/skule/overgang-barnehage-skule/>)
- Informere om søknadsfrist til SFO 1. mars, [lenkje til søknadsskjema i oppvekstportalen via heimesida til kommunen](https://www.hjelmeland.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/skulefritidsordning-sfo/) (<https://www.hjelmeland.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/skulefritidsordning-sfo/>)
- Evt. anna aktuell informasjon frå skulen

#### 4. Hospitering mellom barnehagen og skulen

Gjennom å etablere kontakt mellom pedagogar i skule og barnehage i form av hospitering (besøk) hjå kvarandre, er målet å skape større forståing for kvarandre si verksemd, samt fagleg-pedagogisk utveksling og drøfting. Tema kan vere m.a. sosial kompetanse, språkutvikling og læring i skule og barnehage (t.d. leikbasert læring).

Dette kan vere med å bidra til ein betre kontinuitet og samanheng for barnet i overgangen.

##### **Barnehagelærer på besøk til skulen:**

|           |                                                                               |
|-----------|-------------------------------------------------------------------------------|
| Tidspunkt | September – desember                                                          |
| Ansvar    | Styrar og ansvarleg for førskulegruppa gjer avtale med skulen om tidspunkt    |
| Målgruppe | Barnehagelærer med ansvar for førskulegruppa                                  |
| Omfang    | Vere med på deler av ein skuledag i lag med 1. trinn, ha samtale med læraren. |

##### **Lærer på besøk til barnehagen:**

|           |                                                                                                |
|-----------|------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Tidspunkt | Mars - juni                                                                                    |
| Ansvar    | Rektor og den aktuelle kontaktlærer gjer avtale med barnehagen om tidspunkt                    |
| Målgruppe | Kontaktlærer som skal ha 1. trinn kommande skuleår                                             |
| Omfang    | Vere med på deler av ein dag med førskulegruppa i barnehagen, ha samtale med barnehagelæraren. |

#### 5. Barnesamtalar/ elevsamtalar

##### **Barnehagen:**

|           |                                                                                                                      |
|-----------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Tidspunkt | Februar-mars, i forkant av overgangssamtalen                                                                         |
| Ansvar    | Ped.leiar/ barnehagelærer                                                                                            |
| Målgruppe | Barna i førskulegruppa/ kvar enkelt skulestartar                                                                     |
| Skjema    | Under barnesamtalen fyller ped.leiar/bhg.lærer ut skjemaet i lag med barnet, « <i>Barnet si stemme</i> » (vedlegg 1) |

Ped.leiar/bhg.lærer skal ha barnesamtale med kvar skulestartar, om tankar kring skulestart. Samtalen tek utgangspunkt i skjema «Barnet si stemme». Under barnesamtalen fyller ped.leiar/bhg-lærer ut skjemaet i lag med barnet, og tek det med til overgangssamtalen som skal vere med foreldre/føresette i april. Ferdig utfylt skjema vert skanna inn i arkiv i barnet si mappe.

Både FN sin barnekonvensjon, Grunnlova §104, Lov om barnehage § 3; barns medverknad, Opp-læringslova og Læreplanen lovfestar retten til medverknad. Barna sin stemme skal ivareta i overgangssituasjonar også. Det er viktig å la barna uttrykkje kva dei sjølv tenkjer om overgangen frå barnehage til skule/SFO, frå det å vere eldst til å verte yngst. Ved at barna sjølv signerer det som er sagt, er det med og tydeleggjer stemma til barnet.

##### **Skulen:**

|           |              |
|-----------|--------------|
| Tidspunkt | August       |
| Ansvar    | Kontaktlærer |
| Målgruppe | Elevane      |

Elevsamtale i starten på skuleåret 1. trinn.

## 6. Foreldresamtalar

### Skulen:

#### Utviklingssamtale:

|           |                              |
|-----------|------------------------------|
| Tidspunkt | September/ oktober           |
| Ansvar    | Kontaktlærer                 |
| Målgruppe | Barnet og foreldre/føresette |

Utviklingssamtalen som vanlegvis er omkring november vert på 1. trinn gjennomført tidlegare (sept./okt.). Samtale mellom kontaktlærer, elev og foreldre/føresette til elevane på 1. trinn.

### Barnehagen:

#### Overgangssamtale:

|           |                                                                                                                                |
|-----------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Tidspunkt | April                                                                                                                          |
| Ansvar    | Ped.leiar/ barnehagelærer                                                                                                      |
| Målgruppe | Barnet og foreldre/føresette                                                                                                   |
| Skjema    | Foreldre/føresette og barnehagen fyller ut i lag skjema til bruk i overgangen (Mal på referat frå overgangssamtale, vedlegg 2) |
| Samtykke  | Samtykke frå foreldre/føresette til informasjonsdeling med skulen og SFO                                                       |

Overgangssamtale er ein samtale mellom ped.leiar/barnehagelærer og foreldre/føresette til kvar skulestartar.

#### Innhald i samtalen:

Mellom anna fokus på kva barnet kan og meistarar, samt barnet og foreldre/føresette sine forventningar til overgangen (jf. mal på overgangssamtale). I samtalen går ein og gjennom kva informasjon som kan delast vidare til skulen og SFO i overgangen.

#### Samtykke:

Dersom barnehagen skal gi informasjon om enkeltbarn til skulen og SFO, må foreldre/føresette samtykke i informasjonsoverleveringa. Overgang frå barnehage til skule/SFO skal skje i nært samarbeid med heimen, og foreldre/føresette må vere med å leggje premissene for informasjonsoverleveringa. Dei må ha innsyn i, og avgjera kva informasjon som følgjer barnet over i skulen og SFO.

#### Korleis gjere det:

Ha samtale om overgangen ved å gå gjennom innhald i mal for overgangssamtale, og kva som skal delast av informasjon med skulen/SFO:

|           |                                                                                                                                                           |
|-----------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Skjema:   | Foreldre/føresette og barnehagen fyller ut i lag skjema til bruk i overgangen (mal på overgangssamtale, vedlegg 2. Fyller ut i kommunen sitt arkivsystem) |
| Samtykke: | Samtykke frå foreldre/føresette til informasjonsdeling med skulen og SFO (samtykke vert henta inn under overgangssamtalen, sjå mal for overgangssamtale)  |

Ped.leiar/bhg.lærer fyller ut i "mal for overgangssamtale" under samtalen i lag med føresette. Mal for overgangssamtale finn ein i kommunen sitt arkivsystem, og ein skriv og sender det derfrå. Foreldre/føresette må få lese gjennom og samtykke til kva det skal stå og kva som skal førast over av informasjon til skulen.

PS: Foreldra skal også godkjenne at skjemaet «barnet sin stemme» kan overførast til skulen. Dette vert skanna inn i arkivsystem i barnehagemappa til barnet, til seinare overføring til elevmappa.

## 7. Overføringsmøter mellom barnehagen og skulen/SFO

|           |                                                                                                                                        |
|-----------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Tidspunkt | Mai - juni                                                                                                                             |
| Ansvar    | Styrar og ped.leiar                                                                                                                    |
| Målgruppe | Bhg.lærar, kommande kontaktlærar, sosialrådgjevar, evt. spes.ped.koordinator på skulen, SFO-leiar (på dei barna som skal byrja på SFO) |

Barnehagen kallar inn til eit overføringsmøte kring skulestartarane (sjå målgruppe i tabellen over for kven som skal verte kalla inn).

«Skolen må gjøre seg godt kjent med enkeltbarnet, ikke bare med diagnosen eller eventuelle behov for spesiell tilrettelegging», jf. rettleiar «Frå eldst til yngst», 2008. Ein skal kunne bruke og nyttiggjere seg erfaringar gjort i barnehagen, og lage ein god overgang for det enkelte barn. Individuelle behov og «barnet si stemme» må verte vektlagt.

Skjema frå barnet («barnet sin stemme»), innhald i overgangssamtalen, samt aktuelle kartleggingar, vert gjennomgått på overføringsmøtet. Ein kan berre overføre den informasjonen foreldre/føresette har gitt samtykke til.

**NB: Skjema, kartleggingar og evt. andre aktuelle dokument (som det er gitt samtykke til frå føresette) skal overførast til elevmappa til barnet i arkivsystemet innan 15.06: Kort oversendingsbrev skrivast, og aktuelle dokument leggjast som vedlegg til brevet (skjema og kartleggingar). Brevet sendast til mottakar Hjelmeland kommune (org.nr. 869979092), att: xxx skule. Barnehagemappa avsluttast innan skulestart. Ansvar: Barnehagen v/ styrar.**

## 8. Innskrivingsdag og førskuledagar

### Innskriving på skulen:

|           |                                             |
|-----------|---------------------------------------------|
| Tidspunkt | Februar                                     |
| Ansvar    | Rektor                                      |
| Målgruppe | Skulestartarane og deira foreldre/føresette |

Skulen inviterer skulestartarane med foreldre/føresette til skulen 1-2 timar ein dag.

Elevane har opplegg med fadrane sine, medan foreldre/føresette får informasjon frå skulen+SFO.

### Førskuledagar/«bli-kjent-dagar» på skulen og SFO:

|           |                                                                     |
|-----------|---------------------------------------------------------------------|
| Tidspunkt | Mai - juni                                                          |
| Ansvar    | Rektor, kommande kontaktlærar og SFO-leiar                          |
| Målgruppe | Skulestartarane                                                     |
| Omfang    | 2 dagar, ca. 3 timar pr. dag. Skule og barnehage avtalar tidspunkt. |

Skulestartarane møter kontaktlærar og SFO. Opplegg i lag med fadrane.

Kvar skule/SFO har sine opplegg for innhald desse dagane.

## 9. Felles kommunalt nettverksmøte mellom barnehage og skule/SFO

|           |                                                                                               |
|-----------|-----------------------------------------------------------------------------------------------|
| Tidspunkt | Mai - juni                                                                                    |
| Ansvar    | Oppvekstkontoret, i samarbeid med rektor- og styrargruppa                                     |
| Målgruppe | 1. trinns lærarar, bhg.lærarar med ansvar for førskulegruppa, styrarar, rektorar, SFO-leiarar |

### Fagleg/pedagogisk nettverksmøte med deling og evaluering:

- Deling av innhald og arbeidsmåtar i barnehagen og skulen/SFO.
- Deling av erfaringar kring overgangen.
- Evaluering og justering av plan for overgang bhg-skule/SFO.

Evaluering: Kvar skule/ SFO og barnehage har i forkant av dette nettverksmøtet ei evaluering hjå seg, som dei tek med seg til nettverksmøtet. På nettverksmøtet evaluerer ein i lag, drøftar eventuelle endringar i førskuleopplegget og justerer planane til nytt barnehage/skuleår.

Aktuelle spørsmål i ei evaluering kan vere:

*Kva ser skulen og SFO at dei skulle hatt meir informasjon om?*

*Kva er bra, og kva ser ein at barnehagen kunne hatt meir fokus på/ trena meir på før overgangen?*

*Bruk av kartleggingsverktøy: Korleis fungerer dei ein nyttar? Behov for andre kartleggingar?*

*Korleis opplever barna samanheng og kontinuitet frå barnehagen til skulen/SFO?*

*Korleis fungerer innhaldet i overgangssekken som er felles for barnehagane og skulane/SFO?*

## Fleirspråklege barn (Særskilt språkopplæring) - Barn med norsk som andrespråk

Barn med norsk som andrespråk følgjer også «årshjul for kjerneaktivitetane i overgangen», men har i tillegg ekstra språk-kartlegging i løpet av året før skulestart.

I samarbeid med foreldre/føresette skal barnehagane fange opp, kartleggje og jobbe spesifikt med språk med dei fleirspråklege barna som barnehagen har grunn til å anta vil ha rett på særskilt språkopplæring i skulen. Dette dreier seg om følgjande barn:

- barn med eitt år eller mindre i norsk barnehage før skulestart
- barn med eitt år eller meir i norsk barnehage før skulestart som ein antek vil ha utfordringar med å følgje ordinær undervisning i skulen.

| NÅR       | KJERNEAKTIVITETAR                                                                                                                                                                                          | ANSVAR               |
|-----------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------|
| September | Kartleggje språkutviklinga til barnet og omgrepsforståing * <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kartleggingsskjema «Alle med» og TRAS</li> <li>• Evt. andre kartleggingsskjema etter behov</li> </ul> | Styrar<br>Ped.leiar  |
| Mars      | Kartleggje språkutviklinga til barnet og omgrepsforståing * <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kartleggingsskjema «Alle med» og TRAS</li> <li>• Evt. andre kartleggingsskjema etter behov</li> </ul> | Styrar-<br>Ped.leiar |

### \* Kartlegging av språk:

|           |                                                                                                      |
|-----------|------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Tidspunkt | September og mars                                                                                    |
| Ansvar    | Styrar og ped.leiar                                                                                  |
| Målgruppe | Fleirspråklege barn som har behov for systematisk språkarbeid og observasjon med tanke på skulestart |

Barnehagane kartlegg språket til barnet hausten før skulestart, og ny test på våren før skulestart. Kartleggingsresultat følgjer med barnet til skulen, viss samtykke frå føresette.

Barnehagen nyttar kartleggingsskjema «Alle med» og TRAS.

Barnehagen vurderer om det er andre kartleggingsskjema som også er aktuelle, gjerne i dialog med skulen.

*Ein kartleggingsprøve ein kan vurdere å nytte seg av er «Trondheimsmateriellet». Dette er ein kartleggingsprøve for minoritetsspråklege skulestartarar, og kan lastast ned gratis på følgjande nettside: [4095 lærerveiledning.indd](http://4095.lærerveiledning.indd) (pr. juli-26).*

# BARN MED ENKELTVEDTAK OM SPESIALPEDAGOGISK HJELP ETTER BARNEHAGELOVA § 31 ELLER TILRETTELEGGING § 37

Det er spesielt viktig med eit nært samarbeid mellom barnehage og skule/SFO for barn som har behov for særskild tilrettelegging. Dersom det er behov for omfattande tilrettelegging, må samarbeidet etablerast i god tid før barnet byrjar på skulen. Kva som er god tid, vil variere og er avhengig av behova til den enkelte. For nokre barn/elevlar kan god tid vere eit halvt år, medan for andre kan god tid vere to år. For barn med nedsett funksjonsevne kan det vere behov for særlege tiltak. Planlegginga av skulestart vert då meir omfattande og kan ofte involvere fleire aktørar.

Barn med spesialpedagogisk hjelp eller tilrettelegging følgjer «årshjul for kjerneaktivitetane i overgangen» så langt det er hensiktsmessig. Dei har i tillegg nokre ekstra kjerneaktivitetar i løpet av året før skulestart.

| NÅR                   | KVEN                                                                                                                                                                                                                | KJERNEAKTIVITETAR                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           | ANSVAR                    |
|-----------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------|
| Heile året            | Føresette                                                                                                                                                                                                           | <ul style="list-style-type: none"> <li><b>Ved søknad om utsett skulestart:</b></li> <li>- Foreldre/føresette tek kontakt med barnehagen/ helsestasjonen.</li> <li>- Barnehagen/ helsestasjonen tek deretter kontakt med PPT, for å få ei sakkunnig uttale knytt til utsett skulestart for barnet.</li> <li>- Foreldre/føresette sender søknad om utsett skulestart til kommunalsjef for oppvekst. Sakkunnig uttale frå PPT skal vere med som vedlegg i søknaden.</li> </ul> | Kommunalsjef for oppvekst |
| September             | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Skuleleiinga</li> <li>- Styrar/ped.leiar</li> <li>- Spesialpedagog frå barnehagen (evt. <i>den som jobbar tettast med barnet</i>)</li> <li>- Foreldre/føresette</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>Møte om barn med <b>omfattande hjelpebehov</b> knytt til skulestart neste skuleår, for å kome tidleg i gang med planlegging av overgangen.</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                                                                                | Styrar                    |
| November/<br>desember | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Barnehage</li> <li>- Aktuell skule</li> <li>- PPT</li> <li>- Foreldre/føresette</li> <li>- Andre instansar som er med i ansvarsgruppa kring barnet</li> </ul>              | <ul style="list-style-type: none"> <li><b>Samordningsmøte (ansvarsgruppemøte) om barn med IP eller IUP:</b></li> <li>- Planleggje og leggje til rette for god overgang frå barnehage til skule, og evt. SFO. IP og IUP er gode verktøy i dette arbeidet.</li> <li>- Avklare kven som har ansvar for kva, når og korleis.</li> </ul>                                                                                                                                         | Styrar                    |
|                       | Helsestasjonen<br>PPT                                                                                                                                                                                               | <ul style="list-style-type: none"> <li>Helsestasjonen og/ eller PPT gir kommunalsjef og rektor oversikt over barn med omfattande behov som skal byrja på skulen, og som ikkje går i barnehagen.</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                                                                  | Helsestasjonen<br>PPT     |

| NÅR           | KVEN                                                                                                                                                                                         | KJERNEAKTIVITETAR                                                                                                                                                         | ANSVAR                    |
|---------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------|
| Januar        | Barnehage<br>Skule<br>PPT                                                                                                                                                                    | <ul style="list-style-type: none"> <li>Møte om barn med spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging (tilrådsmøte)</li> </ul>                                               | Kommunalsjef for oppvekst |
| Januar - juni | <ul style="list-style-type: none"> <li>Barnet</li> <li>Fagarbeidar/ spes.ped.ansvarleg - <i>(den som jobbar tettast med barnet)</i></li> </ul>                                               | <ul style="list-style-type: none"> <li>Jamlege besøk på skulen/ SFO</li> </ul>                                                                                            | Styrar                    |
| Februar       | PPT                                                                                                                                                                                          | <ul style="list-style-type: none"> <li>Sakkunnig tilråding for barn med særskilde behov, og vurderingar ift skuletilbod, vert sendt til skulane innan 1. mars.</li> </ul> | PPT                       |
| Mars - mai    | <ul style="list-style-type: none"> <li>Fagarbeidar (den som skal jobbe med barnet på skulen)</li> <li>Evt. kontaktlærer</li> </ul>                                                           | <ul style="list-style-type: none"> <li>Besøk/observasjon i barnehagen knytt til enkeltbarn med behov for særskild tilrettelegging. Styrar avtalar med skulen.</li> </ul>  | Styrar                    |
| Mai - juni    | <ul style="list-style-type: none"> <li>Barnehage</li> <li>Aktuell skule</li> <li>PPT</li> <li>Foreldre/føresette</li> <li>Andre instansar som er med i ansvarsgruppa kring barnet</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>Ansvarsgruppemøte: Evaluering av IUP i barnehagen og planlegging av skulestart</li> </ul>                                          | Styrar                    |

For ytterlegare rutinar kring barn med vedtak etter barnehagelova § 31 eller § 37, sjå Hjelmeland kommune sine «*prosedyrar ved spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging for barn under opplæringspliktig alder*»: Spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging i barnehagen - Compilo



## VEDLEGG 1

### «Barnet si stemme»



«Her er eg»  
(bilete eller teikning)

- Fylle ut under barnesamtalen i barnehagen i lag med barnet
- Er vedlegg til overgangsskjema til skulen, viss samtykke frå foreldre/føresette (innhente samtykke på overgangssamtalen)

|                  |  |
|------------------|--|
| Barnet sitt namn |  |
| Fødselsdato      |  |
| Barnehage        |  |

Frå meg i barnehagen til min nye skule/SFO:

|                                                        |
|--------------------------------------------------------|
| <b>Dette likar eg å gjere:</b>                         |
| <b>Korleis trur du det blir å byrje på skulen?</b>     |
| Dette gler eg meg til:                                 |
| Dette er eg spent på:                                  |
| <b>Dette har eg lyst til å seie til dei på skulen:</b> |

|                                                                     |                                                                                                         |
|---------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Dato                                                                |                                                                                                         |
| Underskrift av barnet                                               |                                                                                                         |
| Underskrift av ped.leiar/<br>bhg.lærar som hadde barne-<br>samtalen |                                                                                                         |
| Samtykke frå<br>foreldre/ føresette                                 | <i>Eg/me samtykker til at dette skjemaet kan overførast til skulen/SFO.</i><br>JA: NEI:<br>Underskrift: |

## Overgangssamtale: overgang barnehage-skule/SFO

### Overføringsskjema for informasjon frå barnehage til skule/SFO

Til utfylling under overgangssamtalen i barnehagen i lag med foreldre/føresette, i samband med overgangen frå barnehage til skule/SFO.

|                                   |  |
|-----------------------------------|--|
| Barnehage                         |  |
| Namn på barnet                    |  |
| Fødselsdato                       |  |
| Dato for overføringssamtale       |  |
| Til stades på overføringssamtalen |  |

#### Innleiing:

Overgangssamtale er ein samtale mellom barnehage og foreldre/føresette til kvar skulestartar.

I samtalen er det m.a. fokus på kva barnet kan og meistarar, samt barnet og foreldre/føresette sine forventningar til overgangen. Ein går og gjennom kva informasjon dei føresette samtykker til at kan delast vidare til skulen/SFO i overgangen.

#### Informasjon om samtykke:

Dersom barnehagen skal gi informasjon om enkeltbarn til skulen/SFO må foreldre/føresette samtykke i informasjonsoverleveringa. Overgang frå barnehage til skule/SFO skal skje i nært samarbeid med heimen, og foreldre/føresette må vere med å leggje premissene for informasjonsoverleveringa. Dei må ha innsyn i, og avgjera kva informasjon som følgjer barnet over i skulen/SFO.

#### Om barnet:

|                                                                                                                                         |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Kva er barnet sine styrker og interesser?                                                                                               |
| Korleis er barnet sin sosiale kompetanse? (m.a. vener, leik, sosialt samspel med barn og vaksne, empati, samarbeid, sjølvkontroll etc.) |
| Korleis er barnet si interesse for bokstavar og bøker? Har barnet byrja å lese og skrive?                                               |
| Korleis er barnet si interesse for tall og figurar?                                                                                     |
| Korleis er barnet si evne til sjølvstende? (i forhold til påkledning, dobesøk, etc.)                                                    |

|                                                                                                                  |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Har du/de nokre andre tankar dykk vil dele når det gjeld barnet, og som er relevant for skulen og eventuelt SFO? |
| Kva forventningar har de som foreldre/føresette til skulen og SFO?                                               |

**For fleirspråklege barn** (barn som har mor og/eller far med eit anna morsmål enn norsk)

|                                                |  |
|------------------------------------------------|--|
| Morsmål og nasjonalitet til barnet:            |  |
| Morsmål og nasjonalitet til far:               |  |
| Morsmål og nasjonalitet til mor:               |  |
| Kva språk snakkar mor og barn saman?           |  |
| Kva språk snakkar far og barn saman?           |  |
| Kva språk snakkast i heimen?                   |  |
| Tal år barnet har budd i Noreg:                |  |
| Tal år barnet har gått i barnehage:            |  |
| Er det behov for tolk i skule/heimsamarbeidet? |  |

**Samtykke:**

|                                                                                                                 |  |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--|
| <b>Eg/me samtykker i at barnehagen gir opplysningar gitt i dette skjema vidare til skulen/SFO (Kryss av)</b>    |  |
| JA                                                                                                              |  |
| NEI                                                                                                             |  |
| <b>Eg/me samtykker i at barnehagen gir opplysningar frå kartleggingsskjema vidare til skulen/SFO (Kryss av)</b> |  |
| JA                                                                                                              |  |
| Presiser evt. kva type kartleggingar det vert gitt samtykke til å dele                                          |  |
| NEI                                                                                                             |  |

Dokumentet skal sendast foreldre/føresette for elektronisk signatur.